



SIU 2002

Nr. 1
SIU
PUBLIKASJONER
2003

UNIVERSITETS- OG HØGSKOLERÅDET
NORWEGIAN COUNCIL FOR HIGHER EDUCATION

SIU SENTER FOR INTERNASJONALT UNIVERSITETSSAMARBEID
CENTRE FOR INTERNATIONAL UNIVERSITY COOPERATION



Senter for internasjonalt universitetssamarbeid



S I U s t ø r t r e k k f u g l a n e

Innhold

SIU – eit verktøy for institusjonane	s. 3
Senter for internasjonalt universitetssamarbeid	
Tilrettelegging for internasjonalisering	s. 4
SIUs strategiske val: Eigen IKT-kompetanse	s. 6
2002 – Eit travelt år for administrasjonen	s. 7
Kulturutdanningsprogrammet: Samklang med Sør-Afrika	
Nordmål: Elektroniske tenester sikrar kvaliteten	s. 7
NORADs stipendprogram	
Kurs i Sør treng institusjonar i Nord	s. 8
Aids-sjukepleiar tek mastergrad i Oslo	s. 9
NORDPLUS	
Stadig fleire deltek i Nordplus	s. 10
Nettverk skreiv ny lærebok for sjukepleiarar	s. 11
NUFU	
Mellom norsk bistandspolitikk og utdanningssamarbeidet til institusjonane	s. 12
Suksessbok i matematikk	s. 13
Sentral- og Aust-Europa-programma	
Mindre institusjonssamarbeid, meir forskning	s. 14
Økonomistudier i Russland med norsk fadderhjelp	s. 15
Sokrates	
Sokrates i det nye Europa	s. 16
Samarbeid over murane	s. 17
Grundtvig hand i hand med kompetansereforma	s. 18
Comenius: Stor aktivitet trass i tronge rammer	s. 18
Lærarane strøymer til Erasmus	s. 19
Økonomi – nøkkeltal	s. 20
Råd og utval i SIU 2002	s. 20

Om Universitets- og høgskulerådet

Universitets- og høgskulerådet (UHR) er eit fellesorgan for institusjonar innan høgare utdanning, som skal medverka til å utvikla og fremja forskning og høgare utdanning innanfor ein nasjonal forskings- og utdanningspolitikk.

UHR skal skapa forståing for kor viktig utdanning og forskning er for utvikling av demokrati, velferd og kultur. UHR skal fremja koordinering og arbeidsdeling innanfor universitets- og høgskulesektoren og i forhold til andre nasjonale aktørar. UHR skal vera eit bindeledd mellom universitets- og høgskulesektoren i Noreg og det internasjonale forskings- og utdanningsmiljøet.

Om Senter for internasjonalt universitetssamarbeid

Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) skal leggja til rette for institusjonane sine felles satsingar innan internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid. SIU skal vera eit norsk kompetansesenter for slikt samarbeid. SIU skal administrera og utvikla program og støttefunksjonar innan utdanning og forskning.

Avtalepartnerar og oppdragsgjevarar for programma SIU forvaltar er Utdannings- og forskingsdepartementet, Utanriksdepartementet, NORAD, Nordisk ministerråd og Europakommisjonen. SIU er eigd av universiteta og høgskulane i Noreg gjennom Universitets- og høgskulerådet.

UTGJEVE AV SENTER FOR INTERNASJONALT UNIVERSITETSSAMARBEID (SIU)
I SIUs PUBLIKASJONSSERIE MAI 2003.

REDAKSJON: HELGE OLSEN (REDAKTØR), TERESA GRØTTAN OG INGRID DREYER.
UTFORMING: REINE LINIER AS.

TRYKK: GRAFISK TEAM AS BERGEN. OPPLAG: 2000.

SIU – eit verktøy for institusjonane

2002 var eit svært krevjande år for SIU, med flytting og mange store oppgåver å løysa. Ein gledeleg dag var 18. september – då vart det skikkeleg markert at heile verksemda til SIU endeleg var samla i nye og tidsrette lokale i Vaskerelven 39 i Bergen.

Det har vore stor aktivitet på programsida både mot Europa, Norden og landa i sør. SIU har inngått nye avtalar med UD for Russland og Aust-Europa og med NMR for endå eit år med Norplus, medan vi ventar på at dei nordiske utdanningsprogramma skal verta utlyste. Vi har utvida avtalen med NORAD om kulturprogrammet, og gjennom UFD er det løyvd midlar til skuggeprogrammet "Erasmus Link to Norway" for kandidatlanda til EU.

Haustkongressen for samarbeid om forskning og høgare utdanning Nord – Sør 2002 på Solstrand hotell hadde svært god oppslutning. Det var statsråd Kristin Clemet som heldt opningsinnlegget.

Innan IKT og elektronisk web har vi i 2002 m.a. implementert søknads- og rapporteringstenester for NUFU-programmet og lagring og fulltekstpublisering av mastergradsoppgåvene i NORADs stipendprogram. SIUs eigen portal, www.siu.no, er forbetra og omarbeidd, og vi har utarbeidd eit konsept for informasjon til utanlandske studentar som ønskjer å koma til Noreg – dette ligg no på nettet med adressa <http://study-norway.net>. For NORAD er det skipa ei informasjonsteneste overfor ambassadane i Sør.

Institusjonane har i 2002 utarbeidd planar for å implementera Kvalitetsreforma. Reforma har mange krav om auka internasjonalisering av den høgare utdanninga vår, og ho er sterkt påverka av den paneuropeiske prosessen som byggjer på Bologna-fråsegna frå 1999. Fråsegna uttrykkjer ønsket om ny gradsstruktur, studiepoeng etter ECTS-systemet, innføring av diploma supplement og vekt på kvalitetssikringssystem som kan dokumenterast.

I tillegg til Kvalitetsreforma er det fleire trendar og utviklingstrekk som påverkar institusjonane våre og dermed også SIU. SIU sitt oppdrag er å vera eit verktøy for institusjonane innan internasjonalisering med vekt på programdrift, informasjons- og kunnskapsformidling og rådgjeving.

EU deltek paneuropeisk, men har i tillegg ein eigen strategi som skaper mykje dynamikk innan utdanning. Denne EU-prosessen byggjer på Lisboa-strategien frå 2000, der målet er å gjera EU i 2010 til "the most competitive and dynamic knowledge-based economy in the world, capable of sustainable economic growth with more and better jobs and greater social cohesion". Jamvel om ein framleis held oppe "the principle of subsidiarity", stimulerer det til strukturell harmonisering ved å innføra "the open method of coordination" der



Knut Brautaset



Ulf Lie

ein kan jamføra utviklinga i medlemslanda basert på indikatorar og referansetesting. Ein ønskjer også i langt sterkare grad å sjå heile utdanningsløpet i samanheng, og ein ventar at det vil avspeglast i utviklingsprogramma som skal avløyse Sokrates og Leonardo frå 2007.

Universiteta og høgskulane våre viser globalt samfunnsansvar og engasjement gjennom samvirke og partnerskap med høgare lærestader i utviklingsland. Samarbeidet gjeld utdanning, kompetanseheving, forskning og institusjonsbygging, men bakteppet er fredsskaping og demokratisering og kamp mot fattigdom og sjukdom.

Regjeringa la i mars fram "Handlingsplan for fattigdomsbekjempelse" basert på FN's tusenårsmål. Her seier ho at utdanning er det viktigaste våpenet mot fattigdom. Det skal leggjast særleg vekt på

grunnutdanning og utdanning av jenter og kvinner. Høgare utdanning vert rekna som viktig når det gjeld økonomisk utvikling og vekst og for å styrkja den offentlege forvaltninga. Frå vår side er det også viktig å sjå høgare utdanning som del av heile utdanningskjeda. Lærarutdanning og utdanningsforskning vil sjølvsagt vera avgjerande dersom grunnutdanning og skulesystem skal styrkjast.

Som del av Kvalitetsreforma la ei prosjektgruppe i UFD i mars fram ein rapport om internasjonaliseringsstrategi for høgare utdanning. Grappa foreslo at det vart etablert eit nasjonalt organ for internasjonalisering innan høgare utdanning for å forvalta internasjonale program, profilera Noreg som studie- og forskingsland og å arbeida med kompetanseformidling og rettleiing.

SIU og UHR har fremja forslag overfor UFD om at eit slikt organ bør tuftast på SIU. Ein har vidare understreka kor viktig det er at det bør organiserast slik at universiteta og høgskulane føler eigarskap og deltek i styringa.

Takk for innsatsen til alle – framtida vert spennande!

Knut Brautaset
styreleiar

Ulf Lie
direktør

Tilrettelegging for internasjonalisering

Kvalitetsreforma ser internasjonalisering som eitt av verkemidla for å fremja relevans og styrkja kvalitet i høgare utdanning. Reforma legg vekt på auka studentmobilitet, men det viktigaste konkrete bidraget er ei rask oppfølging av Bologna-deklarasjonen ved å gjera gradsstrukturen i den høgare utdanninga vår internasjonal.

I 1992 vart Noreg deltakar i EUs utdanningsprogram for høgare utdanning, Erasmus. Den gongen var også målet å få opp studentmobiliteten. Samstundes hadde EU lansert ECTS (European Credit Transfer System), eit system for skildring av studiar og omsetjing av karakterar mellom nasjonale utdanningsstrukturar. Det var den fyrste klåre programklæringa for å få strukturar i høgare utdanning som kunne samanliknast. Vi er komne langt sidan den gongen. Gjennom Bologna-, Lisboa-, Brugge- prosessane vil det verta lettare for studentar å setja saman gradane sine av komponentar frå ymse land og institusjonar. Heilt smidig er det enno ikkje, for dei nye strukturane må takast i bruk, og det er mange nasjonar involverte.

Det er heller få studentar i Noreg som nyttar seg av Erasmus. Tala på utreisande studentar frå Norden til Europa i Erasmus minkar faktisk. Samstundes har talet på studentar til Australia stige til nærare 4 000 berre frå Noreg. Korleis forklarar vi så det?

Det er ikkje kvaliteten av studiet i Australia som lèt til å vera avgjerande for studenten frå Noreg. Er det fordi det er eit eksotisk reisemål og fordi australiarane snakkar engelsk, som er det lettaste for nordmenn å snakka bortsett frå norsk? Det kan vera noko av svaret, men ei vesentleg årsak er profesjonell tilrettelegging og samarbeid. Australia har målbevisst bygd ut eit effektivt kontaktnett og gjort seg attraktive gjennom ei straumlinjeforma tilrettelegging. Agentane i Noreg legg til rette for opptak og studium for studentane mot betaling. Det gjer at ein unngår problema som ofte møter studentar som ønskjer å studera for eksempel i USA. Her kan studentane verta utsette for forseinkingar, ikkje berre ved at dei må ordna med det meste sjølve, men også ta ymse testar til bestemte tider for å koma inn. Det kostar både tid og pengar.

I fjor lanserte EU-kommisjonen planane for Erasmus World. Det er meininga at dette programmet skal starta i 2004. Her vil ein etablere European Master Degrees. Desse studia skal vera baserte på eit samarbeid om eitt studieløp mellom minst 3 høgare utdanningsinstitusjonar i 3 land. Studenten må opphalda seg ved minst to av institusjonane. Dette er til no det siste tiltaket frå EU i passasjen frå fri mobilitet til integrert, internasjonalt samarbeid, dvs. å setja mobiliteten inn i ein samanheng av internasjonal tilrettelegging og samarbeid mellom lærestader.

Det Erasmus World tilbyr er tilrettelegging og studiesamarbeid. Ved NHH, som sender ut 60 prosent av studentane sine, er også skulen si tilrettelegging avgjerande.

Tilrettelegging inneber at lærarar, forskarar og administrasjon ved faga og institusjonane er involverte i det internasjonale samarbeidet. Meir generelt har vi enno ikkje i Noreg utvikla det internasjonale utdanningssamarbeidet på nokon systematisk måte. Departementet si avgjerd om å stilla 5 000 kroner til rådvelde for institusjonane for kvar student ut og inn under institusjonsavtalar, viser ein vilje til incitament for institusjonane sitt engasjement i strategisk, fagleg utdanningssamarbeid. Men det er neppe nok for å verkeleg få fart i samarbeidet. Internasjonalt utdanningssamarbeid er nytt, det er ressurskrevjande og det er vanskeleg. Ikkje minst vil det krevja at ein tenkjer nytt når det gjeld det faglege og administrative hjelpeapparatet som må stillast til rådvelde ved institusjonane for å få det til. Å mobilisera det faglege personalet ved institusjonane våre til dette arbeidet er også krevjande når kvalitetsreforma pålegg dei så mange oppgåver i samband med nye studieordningar og tettare oppfølging av studentane.

I den aukande kommersialiseringa av høgare utdanning, synes det klårt at for Noreg, eit lite land i periferien av Europa, er internasjonale alliansar og samarbeid eit naturleg alternativ. Satsing på forpliktande samarbeid med gode akademiske institusjonar og faglege miljø må vera ein stor del av valet vårt. Det kan gje eit breiare akademisk tilbod til eigne studentar, eit meir internasjonalt miljø ved heimeinstitusjonen og ei språkleg og kulturell røynsle som sjølv eit studietilbod på engelsk i Noreg isolert ikkje kan gje.

Men då må tiltak og incitament dra i same retning. Det vil krevja koordinert informasjon til studentane og institusjonane, gode programtilbod og at institusjonane har ressursar å setja inn i det internasjonale engasjementet sitt.

SIU er engasjert i dette arbeidet både mot Europa, Norden og mot utviklingsland. Det er mykje å gripa tak i, men det føreset organisering, koordinering og ressursar. Korleis vi ordnar oss framover vert svært viktig for institusjonane og for SIU som verktøy for å styrkja internasjonaliseringa. Det ligg store utfordringar på den europeiske arenaen.

EU er svært aktive innanfor utdanningssektoren og har ambisiøse mål fram mot 2010. det viktige er å kopla institusjonane på internasjonaliseringa. Når det gjeld utviklingsland er utdanning skildra som jobb nr. 1 i den nye strategien til bistandsministeren. Internasjonalt utdanningssamarbeid kan utvidast vesentleg innanfor den nye strategien. Det vil vera eitt bidrag til ein koordinert innsats. NUFU-programmet er eit slikt samarbeidsprogram. Institusjonane i Noreg og i utviklingsland viser sterk interesse for dette programmet og det er stor oversøking ved utlysingane. Likeverdige utdannings- og forskingssamarbeid er attraktivt for fagmiljø både hos oss og i Sør, samstundes som det støttar opp om ei global utvikling og eit klårt norsk behov, nettopp fordi programmet involverer heile fagmiljø, både administrasjon, studentar og lærarar.

I internasjonaliseringa av høgare utdanning er det institusjonane som kan gje forskings- og utdanningssamarbeidet eit innhald som er utvida og spennande, og leggja til rette for at norske studentar skal ta ein del av utdanninga si i utlandet og samstundes skapa eit internasjonalt miljø ved institusjonane våre med lærarar og studentar frå dei mange utlanda.

PLANNING INTERNATIONALISATION

With the increasing commercialisation of higher education, it is natural to opt for international alliances and partnerships. A significant element in our choices must be to focus on binding cooperation with sound academic institutions and professional environments. In this way, we can provide a broader range of academic choice for our own students, a more international environment at domestic institutions, and linguistic and cultural experiences that even a programme of studies in the English language given in isolation in Norway would not be able to offer. However, both initiatives and incentives must point in the same direction. This will require coordinated information to students and institutions, a wide range of programmes, and resources within these institutions that can be made available for such international commitments.

SIU is involved in this work in European and Nordic countries, and also in developing countries. The opportunities are many, but require organisation, coordination and resources. How this is done in future will be of great importance both to the institutions themselves and to SIU as a tool in strengthening this internationalisation.

SIUs strategiske val: Eigen IKT-kompetanse

SIU arbeider kontinuerleg med å identifisera moglegheter og utvikla IKT-løysingar for å effektivisera drifta av og auka kvaliteten på dei tenestene vi tilbyr. Vi har funne det naudsynt å byggja opp eigen kompetanse på IT og informasjon for å få dei løysingane som er best for oss og brukarane våre. Etter mange års hardt arbeide tilbyr vi i dag sjølvutvikla elektroniske, vevbaserte søknads- og rapporteringstenester for nesten alle programma vi administrerer. Vi har òg utvikla vår eigen nettportal med tilrettelagt informasjon om internasjonalisering og programma våre. Også andre dreg nytte av den kompetansen SIU har på IT og informasjon, og vi har gjennomført fleire oppdrag for EU-kommisjonen, utdannings- og forskingsdepartementet og NORAD innafør desse faga.

Satsinga på elektroniske løysingar for søknader og rapportering har vore vellukka på fleire måtar. Brukarane har større kontroll over informasjonen når dei sjølve registrerer han. Samstundes bruker SIU færre ressursar til manuell registrering og vi kan konsentrera oss om kvalitetssikring av informasjon og rettleiing både i søkjar- og rapporteringsprosessen. Elektroniske løysingar har i seg sjølve også gjort det mogleg å rettleia og å kvalitetssikra prosessar.

Ved å satsa på interne ressursar og intern kompetansebygging, har vi lykkast med å utvikla løysingar som er tilpassa dei oppgåvene vi er sette til å gjera, heller enn omvendt. Tett samarbeid mellom utviklarar og programmedarbeidarar har vore svært viktig og gjort det enkelt å implementera og

ta i bruk nye løysingar. Avtalepartnerane, oppdragsgjevarane og brukarane våre har erfart at eigarskapen vår til IKT-løysingane gjer at vi raskt kan respondera på endringar og tilpassa oss nye behov og krav. Ikkje minst har denne satsinga vore til fordel for dei ymse brukargruppene våre.

SIUs kombinerte kompetanse på programforvaltning, internasjonalisering, IT og informasjonsarbeid er ein føremon for å kunna utvikla og levera tenester med god kvalitet i åra som kjem. Elektroniske løysingar innan kommunikasjon og forvaltning inngår på stadig fleire område, og krava til slike løysingar stig. Det er difor ei utfordring for SIU å auka forståinga for at denne utviklinga krev auka ressursinnsats i åra som kjem.

SIU'S OWN ICT EXPERTISE IMPORTANT

SIU's combined expertise in programme administration, IT and information work is vital when developing and supplying services of good quality in the future. More and more fields require the use of electronic solutions for communication and administration, and the demands on these solutions are becoming more and more stringent. The challenge facing SIU, therefore, is to increase understanding for the need to augment investments in these resources in the years to come.

6

Kulturutdanningsprogrammet: Samsong med Sør-Afrika

Dirigentutdanning er hovudpilaren i Norsk korforbunds engasjement i Sør-Afrika. Oppbygging av læringsmiljø i Sør og kulturutveksling på tvers av grenser og tradisjonar, er andre viktige komponentar i samarbeidet med kormiljøet i Sør-Afrika.

Korforbundets samarbeid med University of Port Elizabeth er eitt av dei fire prosjekta som til no er tekne opp i det nye NORADs kulturutdanningsprogram. Prosjektet har røter tilbake til kulturavtalen mellom Sør-Afrika og Noreg i 1997. Korforbundet var tidleg ute og bygde opp nettverk med korforeiningar, universitet og offentlege kulturkontor i Sør-Afrika. Då University of Port Elizabeth ba om hjelp til å etablera eit utdanningsprogram for kordirigentar, var Kåre Hanken i Korforbundet lett å be.

– Ein kan sjølv sagt spørja om Sør-Afrika, med sine rike songtradisjonar, treng opplæring i korsong. Dei oppfatta sjølve at dei sakna kompetanse på dirigentsida, og dei

kursa vi har organisert har teke sikte på ei bevisstgjerjing av dirigentfunksjonen, og å gje dei kunnskap om annan musikk, medverka til ein breiare musikalsk horisont med utgangspunkt i deira tradisjonar, seier Hanken, som er leiar i Korforbundet og sjølv underviser i Sør. Noregs musikkhøgskule er den faglege garantisten frå norsk side.

– Vi har eit desentralisert opplegg, med hyppige helgesamlingar for studentar ute i distrikta. Så hentar vi dei til intensivsamlingar ei veke i strekk, to gonger i året, i Port Elizabeth. Til saman deltek omlag 120 studentar årleg på dei ulike studienivåa.

No er det også utvikla eit masterprogram i samarbeidet, ved University of Port Elizabeth. Dei fire fyrste masterstudentane vert ferdige hausten 2003.

– Dette samarbeidet har effektar både ved at vi får bygd opp solide faglege miljø i Sør

med egne lærarkrefter, men og ved at det skjer masse kulturutveksling som ein biefekt av samarbeidet. Til dømes deltok åtte norske kor på ein svær festival i Sør-Afrika påskea 2002, og dei banda som vart knytte mellom deltakarane har og varig verknad.

I 2003 vert Kulturutdanningsprogrammet utvida med fleire nye prosjekt. Programmet har ei ramme på 5 millionar kroner i året.

Cooperation between the Norwegian Association of Choral Societies and the University of Port Elizabeth is one of four projects now included in NORAD's new cultural education programme. The main pillar of this programme is the training of conductors. Building up the learning environment in the South and cultural exchange programmes across borders and traditions are other important components of this project with choral circles in South Africa.

2002 – Eit travelt år for administrasjonen i SIU

Kvalitetsreforma og diskusjonar om framtida for SIU har prega arbeidsåret for administrasjonen. I februar 2003 startar forhandlingar mellom utdannings- og forskingsdepartementet og universitets- og høgskulerådet om SIU som nasjonalt senter for internasjonalisering av utdanninga. Fyrst når forhandlingane er avslutta og SIU har oversikt over omfang og tidsplan for overføring av nye oppgåver, vil vi vita om det er naudsynt med ei endra organisering av senteret.

Det er nå 26 fast tilsette ved SIU, ein liten auke frå året før. I tillegg nyttar SIU seg av engasjementsstillingar til tidsavgrensa oppgåver og oppdrag. Ei medarbeidarundersøking er gjennomført i 2002, og den har gjeve diskusjonsgrunnlag for interne forbetringar.

I juli 2002 flytta SIU inn i ombygde lokale i Vaskerelven 39 i sentrum av Bergen. Med flyttinga er alle dei fast tilsette samla under eitt tak, samstundes har lokala rom for utviding av staben. Den gode IT-tilknyttinga har vi framleis etter flyttinga. To nye serverar har auka kapasiteten og driftsstabiliteten på IT-sida. Telefonkapasiteten er også forbetra etter flyttinga, og telefonkostnadene har blitt mindre. SIU fekk nytt telefonnummer ved flyttinga (55 30 88 00/fax 55 33 88 01).

Eit større og viktig arbeid i 2002 var omlegginga av SIUs nettsider. Med dei nye sidene er tekniske løysingar, design og informasjonsinnhaldet forbetra, og det er blitt lagt meir vekt på nyhendeproduksjon.

SIUs nye lokaler har inngang frå Vaskerelven.



2002 – A BUSY YEAR

For management, this past year has been distinguished by the great national educational reform and discussions on SIU's future. Negotiations between the Ministry of Education and Research and the Norwegian Council for Higher Education start in February 2003 on SIU's position as a national centre for the internationalisation of education. In July 2002, SIU moved into renovated premises in Vaskerelven 39 in the heart of Bergen.

7

Nordmål: Elektroniske tenester sikrar kvaliteten

NORDMÅL spelar ei særleg rolle i Nordisk ministerråd si språksatsing. SIU administrerer og forvaltar programmet, på vegner av UHR. I 2002 kom det inn 16 søknader med ein søknadssum på 5,2 millionar kroner. Den språkpolitiske referansegruppa, som er styringsorgan for programmet, valde å dela ut 4,3 millionar, fordelt på 13 søknader. Høgste tildelingssum var på 1,4 millionar kroner.

SIU har utarbeidd eit vevbasert søknads- og rapporteringssystem. Det var ei prioritert oppgåve i 2002 å utvikla dette vidare til beste for brukarar, oppdragsgjevarar og SIU sjølv. Saman med ein for fyrste gong fast søknads- og rapporteringsfrist, gjorde desse elektroniske tenestene arbeidet med programmet vesentleg lettare og meir forsvarleg. Gjennom egne nettsider har SIU også greidd å synleggjera NORDMÅL betre enn tidlegare. Dette har ført til at

programmet har nådd ut til nye brukargrupper.

NORDMÅL-forum er ein årleg konferanse som skal medverka til å utvikla heilskap i det nordiske språksamarbeidet. I november 2002 vart konferansen halden i Drammen under tittelen "Språkpolitikk i eit mangekulturelt Norden". Konferansen samla 60 deltakarar frå alle nordiske land. SIU oppretta ein konferansestad på heimesidene sine med program, informasjon og elektronisk påmelding.

NORDMÅL plays a special role in the Nordic Council of Ministers' work with language issues. SIU manages and administers this programme on behalf of UHR. In 2002, the sum of NOK 4.3 million was distributed on a total of 13 applications. The largest single amount granted was NOK 1.4 million.



Kurs i Sør treng institusjonar i Nord

Norske styremakter har lagt vekt på å utvikla utdanningstilbod i Sør. Ei satsing på kurs i Sør bør byggja på det institusjonelle samarbeidet i NORADs stipendprogram og sjåast i samanheng med andre bistandstiltak innan høgare utdanning og forskning.



både med omsyn til samarbeidsmodellar og kurstypar, for å oppnå kapasitetsbygging. Omsynet til vidareføring og integrering av kurstilboda ved institusjonane i Sør må leggjast vekt på når kurstilbod skal utviklast.

NORADs stipendprogram er bygd på ein visjon om at gode utdanningstilbod i Noreg kan medverka til strategisk kompetansebygging i NORADs samarbeidsland. NORADs stipendprogram kjøper i hovudsak studieplassar ved engelskspråklege mastergradsprogram ved norske institusjonar. Sidan programmet tok til for 40 års sidan, har om lag 3300 studentar avlagt diplom- og mastergrader ved norske universitet og høgskular.

Det er også eit uttala mål i stipendprogrammet å medverka til sør – sør samarbeid ved å stimulera til utvikling av kurstilbod ved samarbeidsinstitusjonar i Sør. Auka kapasitetsbygging i universitets- og høgskulesektoren i NORADs samarbeidsland står sentralt i norsk bistandstenking. Dermed er 4 millionar kroner øymerkte til utvikling av kurstilbod ved samarbeidsinstitusjonar i Sør i NORADs stipendprogram. Kapasitetsbygging må sjåast i eit langtidsperspektiv. Det eksisterer eit mangfald av verkemiddel med tanke på det,

Det er i dag fire kurs under utvikling og vidareføring ved samarbeidsinstitusjonar i sør i NORADs stipendprogram. Tre av kursa innan helse og IKT ved høvesvis Eduardo Mondlane University i Mocambique, og University of Western Cape, Sør Afrika er utvikla som integrerte masterprogram. Dei tre kursa er integrerte i den forstand at fagpersonell frå dei to Sør-institusjonane, i samarbeid med personell frå Universitet i Oslo, samarbeider på tvers av institusjon i samband med fagplanar og undervisning. 16 studentar vil gjera ferdig graden sin våren 2003. I tillegg til dei tre integrerte kursa innan helse og IKT, kjem kurset i Urban Ecological Planning. Dette kurset er basert på ein sandwichmodell mellom NTNU og Tribhuvan University, Nepal.

I lys av dei røynsleane som er hausta i stipendprogrammet, eksisterer det fleire modellar for samarbeid, som kan sikra kursutvikling i Sør. Omgrepet sandwichmodell viser til samarbeidsformer der til dømes studentane tek delar av kurset ved andre institusjonar enn vertsinstitusjonen. Utveksling av lærekrefter kan også inngå i ein

slik modell. Innføring av joint degrees vil styrkja ein slik modell endå meir og såleis medverka til institusjonell forankring både i sør og i nord. Eit anna alternativ vil i stipendprogrammet vera å sjå på institusjonelle koplingar med sørinstitusjonar ved eksisterande kurstilbod i Noreg. Mange av kurstilboda i Noreg er tilrettelagde for at kursmodular kan gjennomførast ved ein eller fleire samarbeidsinstitusjonar i Sør. Ein slik modell vil kunna innebera at kurstilbod ved norske institusjonar, gradvis kan flyttast ut til samarbeidsinstitusjonar i Sør, reetablerast ved samarbeidsinstitusjonane, eller ha modular ved samarbeidsinstitusjonane.

NORADs direktør Tove Strand peika under Haustkonferansen 2002 på at utvikling av kurstilbod ved samarbeidsinstitusjonar i sør kan vera kostnadseffektivt, og dessutan vera eit effektivt bidrag til institusjonsbygging og kompetanseheving. Sett frå stipendprogrammet si side er det difor viktig å leggja tilhøva til rette for å stimulera til auka kursutvikling i sør i åra som kjem. Gjennom ymse verkemiddel, slik som design på feltarbeid, utvikling av sandwichmodellar, joint degrees og nettverksamarbeid, ønskjer endprogrammet å stimulera til auka kursaktivitetar i sør. Vi vil likevel streka under at utvikling av kurstilbod ved samarbeidsinstitusjonar må sjåast i samanheng med andre av bistandsaktivitetane til NORAD, slik at synergjar mellom landprogramma og NUFU-programmet, kan takast ut i åra som kjem.



Studentar i Norads stipendprogram møtast kvart år i januar til eit "Vinterseminar" med faglege og sosiale aktivitetar. (Foto: SIU)



Foto: SIU

– Sjukdommen er til stades heile tida i Zimbabwe, HIV/aids er overalt. Det er så vi trur verda går under, seier Nyaradzai Edith Kurewa (bildet). Ho er sjukepleiar og forskingsassistent frå Zimbabwe som no tek masterutdanning i Noreg gjennom NORADs stipendprogram.

– Eg deltek i eit prosjekt som freistar å hindra at HIV vert overført frå mor til barn under fødselen. Eg ønskjer å studera dei psykososiale effektane hos mødrene som deltek i prosjektet. Mange av dei veit ikkje

Aids-sjukepleiar tek mastergrad i Oslo

heilt kva dei er med på, og dei kan til dømes vera redde for å døydje fordi borna er sjuke. Eg er interessert i å finna ut kva dette har å seia for forholdet deira til slekt og familie, seier Kurewa.

– Det vert forska mykje på HIV/aids-smitta, og ofte kan ein få inntrykk av at forskarane forsvinn når testane er gjorde, utan omsyn til individ dei har hatt med å gjera. Det er viktig å auka livskvaliteten til dei menneska som er smitta, meiner Kurewa.

Ho fekk vita om stipendprogrammet av ein norsk doktorstudent ho jobba med på eit prosjekt i Zimbabwe. No studerer sjukepleiaren International Community Health ved Universitetet i Oslo.

– Vi er oppdregne på den gamle britiske måten i Zimbabwe, vi skal ikkje tru for mykje om oss sjølve og stilla for mange spørsmål. Dette masterprogrammet gjer det mogleg for meg å koma ut og visa kven eg er, seier Kurewa.

Course programmes in the South need institutions in the North

NORAD's scholarship programme is based on a vision that good educational opportunities in Norway will contribute towards the strategic enhancement of skills in NORAD partnership countries. The Norwegian government is now emphasising the development of programmes of study in partnership institutions in the South. Investments in programmes in the South should be based on institutional cooperation in NORAD's scholarship programmes and should be seen in conjunction with other overseas aid initiatives in higher education and research. The purpose of the scholarship programme is to stimulate participants to increase their programme activities in the South with the help of various measures, such as the design of field work, development of sandwich models, joint degrees and network cooperation.

Fakta om programmet

Innhald: Stipendprogram for studentar frå land i sør, med kurs både i Noreg og i Sør

Føremål: NORADs stipendprogram skal medverka til utvikling av strategisk kompetanse innafør offentleg forvaltning og det sivile samfunnet i Sør, gjennom studietilbod ved norske institusjonar. Kandidatane må dokumentera behovet sitt for utdanning frå arbeidsgjevar i heimlandet og returnera etter fullført utdanning.

Avtalepartner: NORAD


Programperiode: 2001 – 2005

Deltakarland: 30

Studentar: Om lag 210, i to kull, kvart år

Budsjett: 54,5 millionar kroner årleg til kurs i Noreg, 4 millionar årleg til kurs i Sør.

Søknader og kvinneandel i Stipendprogrammet



Andelen kvinner som ble tatt opp i programmet fikk eit løft i 2002.

Stadig fleire deltek i Nordplus

Deltakinga i Nordplus-programmet vert stadig betre, sjølv om det kan sjå ut som statistikken teiknar eit anna bilete. Talet på søknader frå nettverk som deltek i programmet har gått ned, men det kjem av endringar i styringa av programmet. Talet på partnerar i nettverka vert større frå år til år.

Nordplus-programmet er eit viktig steg på vegen mot eit sterkare nordisk utdanningsfellesskap. Sjølvve berebjelken i programmet er det tette samarbeidet i nettverk mellom nordiske institusjonar innanfor høgare utdanning. Ansvarlege for dette samarbeidet er fagleg personell ved institusjonane, noko som fører til at programmet vert godt tilpassa faglege behov. SIUs oppgåve med NORDPLUS er, på UHRs vegner, å vera operatør for programmet.

SIU har gjennom fleire år arbeidd for å heva kvaliteten ved søknadene til programmet. For det fyrste har programforvaltninga oppmoda nettverk med det same målet om å gå saman i større



einingar. Det har ført til at talet på nettverk har gått ned, men dei nettverka som eksisterer er sterkare og meir levedyktige, både administrativt og fagleg sett. For det andre har SIU gjeve klårare instruksar til søkjarane og kravd tydelege mål og grunngevingar for aktivitetane, i tråd med regelverket for programmet og vedtaka i HØGUT. Det har ført til at nettverka no opererer med eit lågare, men meir realistisk tal på stipendsøknader enn kva tilfellet var for berre nokre år sidan.

Desse endringane i programdrifta har medverka både til at deltakinga i programmet har auka, og at kvaliteten er styrkt på dei nettverka som deltek. Det ser ein på den klåre auken det har vore i talet på partnerar i nettverka frå 1323 i 1999 til nærare 1700 i 2002. Og takk vere ein auke i løyvingane, kunne ein senda ut fleire studentar og lærarar i 2002 enn nokon gong tidlegare, trass i at talet på stipendsøknader har gått noko ned. Den auka kvaliteten i nettverka viser i søknadene frå 2002, som gjennomgåande var av høgare kvalitet enn tidlegare. Det same kan seiast om

rapportane for 2001, som nærma seg hundre prosent til fristen, utan store problem og mistydingar.

Nordplus-programmet har vore ein suksess for deltakarane. SIUs arbeid med det elektroniske søknads- og rapporteringssystemet, databasane med alle nødvendige opplysningar for søkjarane, mellom anna handbøker på tre språk, har gjeve ei kvalitetsheving for brukarane som det elles ikkje hadde vore mogleg å oppnå. Samstundes har dette systemet medført at det har vore mogleg å administrera programmet på ein forsvarleg og oversiktleg måte, til gagn for SIU sjølv og oppdragsgjeveren.

Den daglege, elektroniske kontakten med brukarane er viktig for SIU. Men like viktig er det å møta nettverka i deira egne administrasjonssamlingar og kurs. Dette har vore ei prioritert oppgåve i programforvaltninga, og både SIU og representantar frå NMR har delteke på slike møte i meldingsåret. I sin tur har dette medverka til høgare kvalitet og større entusiasme i arbeidet med programmet frå brukarane si side.

Deltakarar i nettverket Nord7eren på seminar. Frå v. Ulrich Thostrup (Frederiksborg amts Sygeplejeskole), Ulla Ots (Høgskolan i Borås), Merete Bredder Rasmussen (Frederiksborg amts Sygeplejeskole), Anita von Smitten (ARCADA, Helsingfors), Inger Wieslander (Høgskolan i Halmstad), Ellen Støre Blix (Høgskolen i Bodø), Lillian Johnsen (Høgskolen i Bodø) og Sidsel Frøkedal (Høgskolen i Bergen).

Foto: www.netfoto.no



10


Increasing numbers of Nordplus participants

The NORDPLUS programme is an important step on the road towards a stronger Nordic educational community. The load-bearing beam of this programme is the close cooperation within the network's Nordic higher education institutions. The academic staff at these institutions are responsible for this cooperation, and this results in the programme being well adjusted to academic needs. Participation in the NORDPLUS programme is improving steadily, though statistics may indicate otherwise. The number of applications from networks taking part in the programme has declined, but this is the result of changes in the way the programme is managed. The number of partners in the network has risen from year to year.

Fakta om programmet

- Innhald:** Nettverksprogram for mobilitet og samarbeid i Norden
- Føremål:** Å styrkja den nordiske utdanningsfellesskapen
- Oppdragsgjevar:** Nordisk ministerråd
- Programperiode:** 1999 – 2003
- Norske deltakarar:** 1 286 av 288 nettverk i 2002
- Nettverk:** 288 søknader, 283 innvilga
- Stipend:** 1531 norske lærarar og studentar søkte i 2002
- Budsjett:** 31,7 millionar norske kroner (heile Norden).
- Ekstraordinær løyving i 2002:** 8,4 millionar kroner.

Søknader og partnerar i Nordplus



Fleire partnerinstitusjonar har gått saman og konsentrert søknadene til Nordplus.

11

Nettverk skreiv ny lærebok for sjukepleiarar

"Nord7eren" er eit døme på at Nordplus-nettverk driv med meir enn student- og lærarutveksling. Hausten 2002 kom ei ny lærebok for sjukepleiarar ut. Den er eit resultat av eit intensivkurs i nettverket.

– Ideen om boka dukka opp under førearbeidet med kurset vi heldt i Bodø i 2001. Då vi diskuterte innleiingar og fekk sjå nokre av innlegga, forsto vi at dette var kunnskap som burde samlast og spreiaast til fleire enn kursdeltakarane, seier Sidsel Frøkedal, høgskulelektor ved Høgskulen i Bergen, avdeling for helse og sosial. Ho er hovudkoordinatoren i nettverket.

Boka heiter "Bære hverandres byrder", utgjeven på Fagbokforlaget, og tek for seg problematikken som gjeld pårørande i sjukepleia.

– Temaet har vore lagt lite vekt på i sjukepleiarutdanningane i Norden. No som denne boka er komen, håpar eg ho kan vera med på å auka innslaget av omsorg for pårørande i undervisinga, seier Frøkedal.

Høgskular i Finland, Sverige, Danmark og Noreg (Bergen og Bodø) deltek i Nord7eren. Nettverket starta opp i 1999 etter ei samanslåing av to gamle nettverk. Frøkedal

fortel at sjukepleiarutdanning er eit velegna område for utvekslinga, sidan utdanningane i Norden er temmeleg like. Difor er nettverksarbeidet også ei god førebuing på den store utdanningsreforma, som stiller krav til at studentane skal få ta delar av studiet i utlandet.

Høgskulen i Bergen er også med i Nordsår-nettverket, med deltakarar frå Sverige og Finland. Det er konsentrert rundt sårbehandling og har òg med praktiserande sjukepleiarar. Frøkedal håpar at Nord7eren òg skal kunna ha med praksisrepresentantar i framtida.

NUFU - mellom norsk bistandspolitikk og utdannings samarbeidet til institusjonane

Kvifor følgjer ikkje NUFU offisiell norsk bistandspolitikk? Dette spørsmålet får SIU ofte, mellom anna i møte med norsk utanriksteneste eller andre norske styremakter. Svaret er enkelt. NUFU er eit samarbeidsprogram med to avtalepartnerar, NORAD og Universitets- og høgskulerådet (UHR). Begge avtalepartnerane skyt til med premisser for val av samarbeidsprosjekt. Likeins yter begge partar tilskot til finansieringa av prosjekta.

NORAD yter vel 60 mill. kroner i direktefinansiering over statsbudsjettet, Institusjonane medverkar med infrastruktur og lønsmidlar. Dette gjer at NUFU aldri har vore eit tradisjonelt bistandsprosjekt med stor grad av detaljstyring etter tradisjonelle bistandsmål. Det bør det heller ikkje verta.

NUFU legg vekt på ei desentral organisering etter eit nedanfrå-og-opp-prinsipp. Dei vitskaplege grunnmiljøa i Sør



og i Noreg tek felles initiativ til samarbeid om forskning og kompetansebygging. Før søknadene vert behandla av NUFU-styret, innhentar SIU institusjonane sine egne, faglege vurderingar av og prioriteringar mellom innsende forslag. I initiativ- og utvalgsfasen praktiserer NUFU mottakaransvar i praksis. Ved tildelingane i 2001 og 2002 valde programstyret å gje prioriteringane frå Sør større vekt enn prioriteringane frå partnerane i Noreg. Respekt for institusjonen sine egne prioriteringar har til dømes gjeve NUFU eit matematikkprosjekt som har fått eit godt omdømme, og fleire prosjekt innan humaniora. I somme tilfelle kan den desentrale avgjerdsmodellen gje høg prioritet til fagleg satsing som ikkje er mogleg å finna att i NORADs strategi eller i regjeringas handlingsplan mot fattigdom.

Norsk bistandspolitikk har mange mål. Somme kan ordnast i eit målhierarki. Andre mål er vanskelege å kombinera og kan frå tid til anna koma i konflikt med kvarandre. Det er umogleg i eit lite program som NUFU å sikra at alle tematiske prioriteringar i fattigdomsstrategien vert følgde, dersom mottakaransvaret skal vera reelt. Nokre av måla NUFU medverkar

sterkt til å oppnå er formulerte i regjeringas strategi for styrking av forskning og høgare utdanning som har med Noregs forhold til utviklingslanda å gjera. Her heiter det at "Målet med norsk forskningsbistand og støtte til kompetanse- og kapasitetsbygging i Sør er (...) å (...) bidra til å styrke utviklingslandenes evne til å drive forskning og høyere utdanning med utgangspunkt i landenes egne behov og til å nyttiggjøre seg foreliggende forskningsresultater." NUFU skal også medverka til å fremja dialog mellom forskingsmiljø i Sør og i Noreg. Sektoren for høgare utdanning er ein særleg god arena for å utvikla likeverdig samarbeid mellom Sør og Nord. NUFU skal ikkje primært initiere nytt forskingssamarbeid, men gje støtte til samarbeid som alt går føre seg, og som institusjonane sjølve har vald å prioritera.

Nytt i NUFUs tredje tildelingsrunde er at tal prosjekt som søker støtte er så stort at krava til prioritering er vorte strengare. NUFU har opplevd eit paradigmeskifte med ei formidabel mobilisering ved institusjonane. Programstyret i NUFU vurderte nøye kva kriterium, prosedyrar og organisasjonsform som var tenlege for å gje ei rettferdig vurdering av søknadene. Programstyret valde ei gjennomarbeidd operasjonisering av alle viktige omsyn som NUFU-programmet er tufta på.

I 2002 stogga NUFU tildelinga for programperioden 2002 – 2006. NUFU har tildelt midlar til 65 prosjekt over fem år. Samla løyving er vel 310 millionar kroner.

NUFU vart i 2002 for fyrste gong særskilt nemnt av Stortingets utanrikskomite i merknadene til statsbudsjettet: "Det er avgjørende for utviklingsland at de har mulighet til å delta i kunnskapsutviklingen. Komiteen mener derfor det er viktig at Norge er med på å støtte forskning og høyere utdanning i utviklingsland, slik at landene får dekket nasjonal kunnskaps- og undervisningsbehov. Komiteen anser det også som viktig at utviklingsland får bedre tilgang til internasjonal forskningsbasert kunnskap, og at dette vil kunne gi disse landene en mulighet til å anvende kunnskapene i egen utviklingsprosess. Komiteen er glad for at NUFU-avtalen har vært et sentralt virkemiddel for å fremme langsiktig og likeverdig forsknings- og utdannings samarbeid mellom norske forskere og forskere i utviklingsland. Det vil også være et mål å øke forskningskompetansen om utviklingsmål i Norge, slik at norske forskere kan gi nyttige bidrag til utformingen av en helhetlig norsk utviklingspolitikk."

Det er gledeleg at utanrikskomiteen reknar NUFU som eit viktig supplement til norsk bistandspolitikk.



Forskar Bill Warner i diskusjon med ein prest (kledd i kvitt) og andre lokale folk under eit feltopphald for NUFU-prosjektet "Population growth and land use in Central Ethiopia" i Welenkomi-området. (Foto: NTNU)

12

NUFU – Between policies and educational cooperation

Why does NUFU not follow official Norwegian overseas aid policies? This is a question often put to SIU, for instance at meetings with the Norwegian Foreign Service or other Norwegian government bodies. The answer is simple. NUFU is a programme of cooperation entered into between two contractual partners, NORAD and the Norwegian Council for Higher Education (UHR). Both partners draw up the premises for choosing the joint venture projects. Similarly, both parties contribute towards funding the projects. NORAD provides more than NOK 60 million in direct funding over the National Budget. The institutions themselves contribute with infrastructure and payroll expenses. This means that NUFU has never been a conventional overseas aid project with close control of details, as in traditional overseas aid programmes. Nor should it be.

Fakta om programmet

Namn: Nasjonalt program for utviklingsrelatert forskning og utdanning (NUFU)

Innhald: Utviklingsrelatert forskning- og utdannings samarbeid

Føremål: NUFU-programmet skal medverka til kompetansebygging i utviklingsland gjennom likeverdig og langvarig forskings- og utdannings samarbeid mellom akademiske institusjonar i Sør og i Noreg

Periode: 2001 – 2006

Avtalepartner: NORAD


Budsjett: 60 millionar kroner årleg

Samarbeidsprosjekt: 65 per 2002

Deltakande institusjonar i Sør: 30 i 18 land

Deltakande institusjonar i Noreg: 10

Søkte midler og programramme for NUFU



Interessa for NUFU har skutt i veret, men det er ikkje mange fleire kronene som vert delte ut

13

Suksessbok i matematikk

Økonomistudentar i Zimbabwe har hatt ein føremon framfor andre afrikanske studentar i faget: Dei har hatt lett for å læra matematikken. Det kjem av eit mangeårig NUFU-prosjekt og ei lærebok i matematikk som har vakt interesse frå mange land.

Læreboka "Mathematics for Economics" er sjølvsagt berre eitt av resultatene av "Methodology competence development"-samarbeidet mellom økonomiinstuttet ved University of Zimbabwe og Universitetet i Oslo. Men boka har vore viktig av fleire grunnar. Viktigast er det at ho har heva

matematikkkompetansen til studentane ved Universitetet i Zimbabwe. I tillegg har det styrkt statusen til Institutt for økonomi ved Zimbabwe-universitetet at dei har vore med på andreutgåva av boka, som kom med fyrste bandet sitt i 2000.

– Lærarar frå andre universitet, både i Zimbabwe og andre land, er nærmast vantru over den høge standarden på boka, og det stramme og klåre språket ho er skriven i, fortel professor Rob Davies ved University of Zimbabwe.

– Zimbabwesiske studentar synest matematikk er enklare enn økonomi no! Det er sjeldant, og det kjem i all hovudsak av denne læreboka, seier Davies.



Professor Rob Davies til venstre med afrikanske kolleger.

Mindre institusjonssamarbeid, meir forskning

Då søknadene til dei to nye samarbeidsprogramma med Sentral- og Aust-Europa vart talde opp, var universitets- og høgskulesektoren i mindretal. Samstundes viser porteføljen for programma at få av prosjekta er retta inn mot institusjonssamarbeid innan høgare utdanning. Kva ligg bak desse tendensane?

Oppbygging av samarbeid mellom institusjonar er eit mål ved dei tre programma Utanriksdepartementet (UD), Universitets- og høgskulerådet (UHR) og Noregs forskingsråd (NFR) har retta mot land i Sentral- og Aust-Europa. Slikt samarbeid skal vera til gjensidig nytte for institusjonar i desse landa og Noreg, mellom anna for å styrkja utdannings- og forskingssektoren og såleis styrkja den demokratiske og økonomiske utviklinga i landa.

Institusjonssamarbeid inneheld fleire komponentar enn reine samarbeid om



forskningsprosjekt. Ofte er det knytt opp til kompetanseheving av breiare grupper av tilsette ved institusjonane, og til etablering av utdanningsprogram på høgare grad. Det kan òg innebera utveksling av studentar. Difor stiller slike samarbeid store krav til administrativ innsats. Slike prosjekt involverer gjerne heile institutt og fakultet, og som regel deltek fleire vitenskaplege personar i gjennomføringa. I ei tid der den norske kvalitetsreforma legg beslag på administrative og faglege ressursar ved universiteta og høgskulane, er det kanskje ikkje så rart at så få av dei føreslegne prosjekta dreiar seg om institusjonssamarbeid. Dei reine forskingssamarbeida dominerer, avgrensa forskningsprosjekt bygde rundt forskar-til-forskar-samarbeid.

I 2002 inneheldt berre sju av 51 prosjektsøknader til Samarbeidsprogrammet med Russland institusjonssamarbeid med høgare utdanning. Vidare gjekk berre tre av dei ni tildelingane innan Samarbeidsprogrammet med kandidatlanda til EU til slikt samarbeid.

Desse to programma starta opp i 2002 etter at UD, UHR og NFR inngjekk nye avtalar. Dei byggjer på det tidlegare Sentral- og Aust-Europa-programmet frå perioden 1997 – 2001. Russlandsprogrammet er etablert for perioden 2002 – 2006, programmet for kandidatlanda for perioden 2002 – 2005.

Med dei nye avtalane administrerer no UHRs Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) og Forskningsrådet i alt tre program etter avtale med UD. Frå før gjeld avtalen om samarbeid med Sørøst-Europa, som er inngått for perioden 2000 – 2004.

Søknadstala viser òg at den såkalla Instituttsektoren (forskningsinstitutt utanfor universitets- og høgskulesystemet) dominerer i større grad enn i tidlegare prosjektutlysingar mot desse regionane. Noko av grunnen til denne utviklinga kan vera at 2002 var eit pressa år for UHR-sektoren, men ein kan heller ikkje sjå bort frå det faktum at forskningsinstitutta i større grad er avhengige av prosjektfinansiering, og at desse programma utgjør ei interessant kjelde for finansiering av forskinga deira. Ein skulle tru at når Kvalitetsreforma vert gjennomført, vert institusjonssamarbeid med Sentral- og Aust-Europa meir attraktiv

også for universiteta og høgskulane, sidan dei må byggja opp utvekslingstilbod for studentane sine. I programmet for Sørøst-Europa er prosjekta godt i gang. I 2001 vart det meste av midlane fordelte til i alt 18 prosjekt, der dei fleste avsluttar i 2004. I 2002 stilte UD endå fem millionar kroner til disposisjon. Saman med ubrukte, ordinære midlar har programstyret gått inn for å lysa ut midlar til ein ny runde i 2003. Søknadsfristen er 1. april 2003, og utlysinga gjeld i denne omgangen primært midlar til toårige prosjekt med prioritet til Serbia, Makedonia og Albania. Røynslar frå programmet viser at fleire har hatt nokre problem i oppstarten av prosjekta, særleg som følgje av at det er ei anna institusjonell oppbygging og andre ansvarsforhold i samarbeidslandet enn i Noreg. Dei siste rapportane viser at samarbeidet no er godt i gang og gjev resultat.



Frå Dubrovnik, Kroatia. (Foto: Asle Haukaas, SIU)

14

Less institutional cooperation, more research

When registering applications for the two new Central and Eastern European cooperation programmes, the university and university college sector was clearly in the minority. At the same time, the programme portfolio shows that few of the projects addressed institutional cooperation in higher education. One reason may be that institutions of higher education are using much of their administrative resources on comprehensive, national educational reforms. Nor can we disregard the fact that research institutions are more dependent on project funding, and that these programmes therefore constitute an interesting source of funding for their research.

Fakta om programma

Namn: Samarbeidsprogrammet med kandidatlanda til EU; Samarbeidsprogrammet med Russland; Samarbeidsprogrammet med Sørøst-Europa

Innhald: Forsknings- og utdanningssamarbeid

Føremål: Dei tre programma skal medverka til utvikling i dei aktuelle områda for å sikra ei demokratisk og økonomisk berekraftig utvikling. Dette skal skje gjennom attreising av høgare utdanning og forskning i områda, i eit samarbeid mellom universitets- og akademiske institusjonar i områda og korresponderande institusjonar i Noreg. Programma er i samarbeid med Noregs forskingsråd.


Avtalepartner: Utanriksdepartementet

Periode: Sørøst-Europa: 2000 – 2004. Kandidatlanda til EU: 2002 – 2005. Russland: 2002 – 2006.

Budsjett: Til saman ca. 35 millionar kroner årleg

Prosjekt: Totalt 39 prosjekt i 18 land.

Antall søknader og innvilga prosjekt i dei tre programma



Tala inkluderar berre søknadsrunden i 2002. I tillegg fekk fire prosjekt innvilga støtte i 2001. Nye prosjekt vil kome til i 2003.

Norsk drahjelp til økonomistudier i Russland

Høgskulane i Telemark og Bodø har vore sentrale i oppbygginga av økonomistudium i Russland. Hausten 2003 skal ein diskutera samarbeidet innan høgare utdanning og forskning på ein stor fagleg konferanse i St.Petersburg.

Fylkesordføraren i Nordland inviterte Høgskulen i Bodø med på ei vitjing til systerfylket Leningrad. Året var 1991, og interessa for samarbeid med vestlege institusjonar var stor hos dei russiske universiteta.

– Vi merka oss at dei særleg ønskte å utvikla tilbod på utdanning innan bedriftsøkonomi

og management. Vi drog tilbake og la fram idear om oppbygging av ei økonomisk-administrativ utdanning. Vi valde å samarbeida med Baltic State Technical University, fyrst med nokre kurstilbod, sidan med eit toårig masterprogram, og no utviklar vi eit doktorgradsprogram med dei, fortel høgskulerektor Frode Mellemvik (bildet).

Høgskulen har fått verdifull røynsle med internasjonalisering utover det å utveksla studentar. Fleire universitet i Russland har vorte med i samarbeidsmodellen, som på sikt kan påverka heile det russiske utdanningssystemet. I tillegg er forskning eit viktig element i samarbeidet.

– Vi får forskartilgang til problemstillingar og utfordringar i aust, ein unik sjansje til å arbeida nært med næringsliv i Noreg og Russland. Kandidatane frå samarbeidet vert synlege i institusjonar og bedriftsliv i Russland og kan verta verdifulle kontaktar for oss.



Foto: Høgskulen i Bodø

15

Sokrates i det nye Europa

I desember 2002 var det klart at ti nye land ville verta inviterte til å søkja om medlemskap i Den europeiske unionen. Det er interessant å sjå at samarbeidet om utdanning mellom Noreg og desse landa vart styrkt dette året.

Alt på våren 2002 tok arbeidet med å utforma ein konstitusjon for EU til. Det som venteleg vert ei brei utviding mot aust, vert den største utvidinga av EU nokon gong. Om kort tid vil heile 40 prosent av EU-borgarane vera busette i Sentral- og Aust-Europa. Norske utdanningsinstitusjonar på alle nivå har alt etablert samarbeid med desse.

I Noreg har ein ny EU-debatt så vidt vakna. Anten Noreg vert medlem i EU eller ikkje, vil utvidinga mot aust opna fleire dører for oss i det europeiske utdanningssamarbeidet. Dei ulike Sokrates-programma vil spela ei viktig rolle i dei nye medlemsstatane, både for identitetsskaping, for gjensidig læring og som bidrag til å nærma seg kunnskapstradisjonar i Vest-Europa.

Dei ti komande EU-landa har vore med i Sokrates, Leonardo og Ung-programma sidan 2000, og har alt etablert eit godt



samarbeid med norske skular og andre organisasjonar som tilbyr utdanning gjennom desse programma. Unnataket er Erasmus, student- og lærarutvekslinga på universitets- og høgskulenivå. Erasmus-

delen av Sokrates-programmet vert rekna som ei utveksling mellom to partar. Sidan EØS-avtalen ikkje dekkjer samarbeid mellom institusjonar i land som ikkje er medlemmer, har det ikkje vore rom for Erasmus-utveksling mellom Noreg og dei ti søkjarlanda. Difor, og som ein opptakt til EU-utvidinga, gav Utanriksdepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet i 2002 1,5 mill kroner til eit "skuggeprogram" for Erasmus, til student- og lærarutveksling mellom Noreg og kandidatlanda.

Erasmus-utvalet valde å følgja prioriteringa i regjeringas handlingsplan for Aust-Europa, og konsentrera seg om Austersjø-området, altså Polen og dei tre baltiske landa. Det er i 2002 gjeve støtte til 57 studentar og 38 lærarar. Det er ikkje gjeve støtte til norske studentar, ettersom utanlandsstøtta frå Lånekassa vert rekna som tilstrekkeleg finansiering.

Skuggeprogrammet er døypt "The Erasmus Link to Norway". Løyvinga for 2003 er meir enn dobla til 3,5 mill kroner, og programmet omfattar no alle kandidatlanda inkludert Bulgaria og Romania. Norske utdanningsinstitusjonar vil det komande året få høve til å knyta kontaktar i aust før utvidinga trer i kraft frå 1. januar 2004.

Samarbeidet med kandidatlanda er styrkt også i andre delar av Sokrates – programmet i 2002. Norske skular samarbeider med 760 europeiske skular i Comenius-programmet, som dekkjer ymse typar samarbeid mellom skular på alle nivå. 19 prosent av dei norske samarbeidspartnerane er frå kandidatlanda. Fyrst på lista står Polen med 37 skular, følgt av Romania og Tsjekkia; nedst står Estland med fire skular.

I Grundtvig-programmet, som dekkjer samarbeid innan vaksenopplæringa, vart deltakinga frå kandidatlanda mangedobla i 2002. Heile 15 av dei 28 nettverka norske institusjonar var med i i 2002, hadde deltakarar også frå kandidatlanda til EU. Litauen (5 nettverk), Romania (4), Bulgaria og Tsjekkia (3 kvar) er best representerte mellom dei institusjonane Noreg samarbeidar med gjennom Grundtvig-programmet.



Prosjektkoordinatoren Odd Bue (t.v.) med to av lærarane i Kristiansand fengsel. (Foto: SIU)

Samarbeid over murane

Undervisning i fengsla stiller krav til fleksible opplegg. For kva slags tilbod skal ein gje elevar som berre er der på korte opphald?

Kvadraturen vidaregåande skule i Kristiansand har ansvar for fengselsundervisninga i Noreg. Og dei har funne ei løysing på utfordringa.

Dei fleste i fengselet sit i varetekt og er der berre i kort tid. Men ofte kjem dei att. Difor utvikla avdelingsleiar Odd Bue ved Kvadraturen og dei andre fengselslærarane eit modulsistem for undervisninga. I det systemet kan dei innsette ta ein liten del om gongen, til dømes matematikk for ungdomsskulen, og få det godkjent med standpunktarakter. No går dei vidare med løysinga, med støtte frå Grundtvig-programmet.

– Vi har teke med oss modulsystemet inn i eit samarbeid med eit fengsel i Bulgaria og eit i Nord-Irland, seier Bue. Målet er både å styrkja kontakten med institusjonar som driv med meir skuleprega fengselsundervisning, men òg å utvikla modular til bruk i opplæringa. Innhaldet i modulane vil verta stoff om undervisning og undervisningsmetodar, med vekt på individ meir enn system.

– Dette er starten på noko som kan verta stort, meiner Bue. Utfordringane er mange, både i samarbeidet og fagleg. Til dømes er dette det fyrste prosjektet for opplæring i fengsel som er starta opp i Bulgaria, og røyndomen til partneren der er ein heilt annan enn den norske. Bue har vore på partnerbesøk, og seier:

– Eg ville heller vore innsett i Noreg enn lærer i Bulgaria.

Foto: Arash Nejati, Scampix



Socrates in the new Europe

In December 2002 it was clear that ten new nations would be invited to apply to join the European Union. It is interesting to note that in that year, educational cooperation between these countries and Norway was strengthened.

Around 40 percent of all EU citizens will shortly be living in Central and Eastern Europe. Norwegian educational institutions at all levels have already established cooperation projects here.

The Ministry of Foreign Affairs and the Ministry of Education and Research gave NOK 1.5 million in 2002 to an Erasmus "shadow programme" for a student and teacher exchange programme between Norway and the candidate nations. The shadow programme has been named "The Erasmus Link to Norway".

Fakta om programmet

Namn: Sokrates

Innhald: EUs samarbeidsprogram for alle utdanningsnivå

Føremål: Sokrates skal stimulere til kontakt og samarbeid over landegrensene og heve kvaliteten på europeisk utdanning

Periode: 2000 - 2006

Oppdragsgjevar: Utdannings- og forskingsdepartementet

Budsjett: Ca. 3,6 mill. Euro årleg frå EU-kommisjonen. Ca. 1,2 mill. NOK årleg frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

Deltakarland: 30

Comenius støttar prosjektsamarbeid og nettverk mellom europeiske skular og utvikling av etterutdanningstilbod for lærarar.

Erasmus er EU sitt program for utveksling og samarbeid innan høgre utdanning og omfattar studentutveksling, lærarutveksling, nettverk, kurs og pensumsamarbeid.

Grundtvig er mynta på organisasjonar og institusjonar som arbeider for vaksne si læring og gir støtte til prosjektsamarbeid, lærarutveksling og nettverk.

Lingua vil auke marksemda omkring språkutvikling i Europa gjennom støtte til samarbeidsprosjekt for språkundervisning og -læring, samt utvikling av materiell, metodar og verktøy.

Minerva støttar prosjekt for innføring av ny teknologi i utdanning, til fjernundervisningsprosjekt og til utvikling av nye undervisningsmetodar og nettverk.

Grundtvig hand i hand med kompetansereforma

Synet på læring og utdanning som eit livslangt prosjekt gjennomsyrrer utdanningspolitikken i dag, både her til lands og elles. I Noreg står Kompetansereforma som det fremste uttrykket for viljen til å leggja til rette for utdanning av vaksne. Innan Sokrates representerer Grundtvig den same utdanningspolitiske målsetjinga.

SIU har ansvar for tildeling av midlar til prosjektsamarbeid og kurs- og hospiteringsstipend innan Grundtvig-programmet. I 2002 satsa SIU sterkt på informasjon kring tiltaka og støtte i søknadsprosessen. Resultata kom i form av markert auke i søknader og betre kvalitet på dei innsende søknadene. Talet på personar som fekk stønad til kurs og hospitering auka òg i 2002.

Ei anna viktig oppgave for SIU er å gje

støtte til dei aktørane som ønskjer å søkja såkalla "sentraliserte tiltak", større samarbeidstiltak og nettverk som får støtte direkte frå EU-kommisjonen. Det har vore ei fallande interesse for desse delane av programmet, både i Noreg og i Europa elles. Norske partnerar deltok i 2002 i fire større tverrnasjonale prosjekt, og ein institusjon, VOX, koordinerer eit Grundtvig-nettverk. SIU arbeider for å stimulera fleire miljø til å søkja prosjekt innan denne typen Grundtvig-samarbeid.

Comenius: Stor aktivitet trass i tronge rammer

I 2002 overførte EU-kommisjonen for fyrste gong midlar som var sette av til store, sentraliserte prosjekt, til dei mindre, desentraliserte. Noreg vart såleis tilgodesett med ei ekstraløyving på 40 000 euro. Men den totale løyvinga til dei desentraliserte prosjekta var likevel mindre i 2002 enn i 2001.

Dei trongare rammene sette grenser for den norske deltakinga i samarbeidsprosjekt mellom skular i Comenius-programmet. Likevel vart like mange prosjekt godkjende som året før, ved å redusera stønaden til skulane noko. Den manglande veksten i programmet rammar særleg dei skulane som tidlegare har røynt frå Comenius. Det er ein merkbar tendens at desse skulane melder seg på nytt som søkjarar. Sidan Comenius prioriterer nye søkjarar, utgjer dei

røynde deltakarane storparten av dei 25 prosentane som vert refuserte. I 2002 får 6,5% av skulane i landet stønad frå programmet.

Ein annan tendens er at talet på språk- og skuleutviklingsprosjekt aukar og at auken går ut over talet på skuleprosjekta. Den geografiske spreiainga er framleis noko ulik. For å jamna ut skilnader, vert tilbod om deltaking på kontaktseminar retta mot skular i dei minst representerte fylka. Takk vere ekstratilskot frå Utdannings- og forskingsdepartementet og Læringscenteret, er omsynet til rekruttering av nye søkjarar i 2003 teke vare på.

Individuelle grunn- og etterutdanningsstipend utgjer ein annan del av Comenius. Kommisjonen har gått ifrå ordninga med fastsette løyvingar utan at det er mogleg med innbyrdes overføringar mellom dei tre tiltaka som fell inn under Comenius 2.2. Det har verka positivt i den forstand at

fleire stipend enn tidlegare er gjeve til lærarar med andre fag enn framandspråk i fagkrinsen. Det er framleis relativt få framandspråklærarar som gjer seg bruk av stipendtilbodet, men det er å leggja merke til at i år er det like mange spanskklærarar som engelsklærarar som har fått stipend.

Verkelege problem har vi hatt med språkassistentane, som frå å vera tolv etter søknadsfristen, vart redusert til fire då skuleåret byrja. Denne søkjargruppa er ustabil. Grunnane til fråfallet er at det skjer endringar i planane til søkjarane i tida mellom søknadsfristen, som er tidleg på året, og skulestart. Stipenda som vart tiltenkte assistentane, er blitt overførte til etterutdanningsstipend. For å auka talet på søkjarar vart det hausten 2002 sett i gang ein informasjonskampanje retta mot universiteta og høgskulane med avdelingar for pedagogikk og lærarutdanning.

Comenius

In 2002, total grants to the decentralised projects were lower than in 2001. This restricted Norwegian participation in cooperation projects between schools in the Comenius programme. Nevertheless, the same number of projects was approved as in the year before and this was achieved by slightly reducing support to individual schools. The lack of growth in the programme particularly affects schools with earlier experience of the Comenius programme.

Erasmus

2002 was a year to be remembered in the Erasmus programme. In a European context, the number of students rounded the one million mark. In Norway, after ten years in the programme, we celebrated our Erasmus student no. 10 000. Another happy event was the fact that in 2002 the exchange of teachers reached European level and that there is a great deal of interest in taking part in this project. It is reasonable to interpret this as an outcome of the Quality Reform.

Lærarane strøymer til Erasmus

EU-kommisjonen overfører fleire oppgaver til nasjonalkontora. Frå 2003 vil SIU stå for tildeling av og rapportering på alle mobilitetsmidlar i Erasmus-programmet. Førebuinga til denne desentraliseringa har kravd mykje arbeid i 2002.

2002 var elles eit merkeår for Erasmus-programmet. På europeisk nivå feira ein at talet på Erasmus-studentar runda ein million, i Noreg feira vi vår Erasmus-student nr. 10 000 etter ti års deltaking i programmet. Nasjonalt vart jubileet markert på det årlege Erasmus-seminaret i oktober, der tidlegare utanriksminister Thorvald Stoltenberg overrekte ein pris til Noregs Erasmus-student nr. 10 000, Kristian Bjørkmo frå Universitetet i Tromsø, som studerer fiskerifag ved Algarve universitet i Portugal. På europeisk nivå arrangerte Kommisjonen ei Erasmus-veke i oktober, der ein m.a. inviterte ein tidlegare Erasmus-student frå kvart av deltakarlanda til ei markering i Brussel. Norsk representant var Hans Olav Raen, tidlegare Erasmus-student frå Høgskulen i Agder til Aix-en-Provence i Frankrike.


Sjølv om 10 000 er ein hyggjeleg milepæl, er talet på norske Erasmus-studentar framleis for lågt. Studentmobiliteten innan Erasmus gjekk svakt ned i 2001 – 02 samanlikna med året før. Totalt tok 970 norske studentar ein del av den heimlege utdanninga si i eit EU-land i løpet av førre studieåret, og det er 3,7% færre enn i 2000 – 01. Dette er relativt låge tal mellom dei landa som deltek i Erasmus-programmet.

Den verkelege gladmeldinga er at i 2002 kom lærarutvekslinga opp på eit europeisk nivå, og det er større interesse for å delta i prosjekt. Det er rimeleg å tolka dette som eit utslag av Kvalitetsreforma. 229 lærarar reiste ut på undervisningsopphald i 2001 – 02, 34% fleire enn året før. I alt vart det delt ut 10,6 millionar kroner i studentstipend og knappe 1,6 millionar kroner i lærarstipend.

Comenius-prosjekt med norske deltakere, per samarbeidsland

Land	2000	2002
IT	104	104
UK	93	93
DE	74	74
ES	64	64
FR	41	41
PL	37	37
AT	35	35
PT	32	32
DK	30	30
BE	27	27
FI	26	26
RO	24	24
CZ	23	23
GR	22	22
NL	22	22
IE	21	21
SE	18	18
LT	14	14
SK	10	10
HU	9	9
SL	8	8
MT	6	6
BG	4	4
CY	4	4
LV	4	4
EE	3	3
IS	3	3
Totalt:	890	758

Studentutveksling i Erasmus



I 2001/2002 kom for fyrste gong fleire studentar til Noreg enn det som reiste ut i Europa med Erasmus.

Dei nye søkarlanda til EU er blitt populære partnerar for norske skular i Comenius.

Det er gledeleg å kunna slå fast at Erasmus-programmet har lukkast i å oppnå ei spreiaing av norske studentar både på land, fagområde og institusjonar. På dei ti fyrste åra i programmet har norske studentar hatt studieopphald ved til saman 985 forskjellige universitet og høgskular i Europa. Fagleg tilsette har hatt undervisningsopphald ved 219 institusjonar i dei to åra ein har statistikk for.

For å skapa meir interesse for Europa som studiemål, produserte SIU i 2002 "Erasmus-avisen", som var trykt i 35 000 eksemplar og spreidd til utdanningsmiljø over heile landet. Avisa sirkulerer framleis, og vi vonar at SIUs aktive promotering, som held fram i 2003, vil føra til auka studentmobilitet på sikt.

Norske deltakere i Grundtvig

	2001	2002
Norske deltakere (koordinatarar) i prosjektsamarbeid	13	28
Prosjektsamarbeid koordinert frå Noreg	3	6
Totalt tal på samarbeidsland*	15	24

*Mest populære samarbeidsland: 2001: Finland, Østerrike, Storbritannia. 2002: Spania, Storbritannia, Italia.



UD oppretta "The Erasmus Link to Norway" for å stimulera til samarbeid mellom institusjonar i Noreg og dei nye medlemslanda i EU. (Faksimile av brosjyre)

Grundtvig

The view that learning and education is a life-long project permeates educational policies today, both here in Norway and elsewhere. The Competence Reform in Norway is the foremost manifestation of the will to organise education also for adults. Within the Sokrates programme, the Grundtvig programme represents the same educational goals.

SIU-STYRET

Medlem	Institusjon
Knut Brautaset (leiar)	Høgskolen i Agder
Toril Johansson (nestleiar)	Universitetet i Oslo
Gunnar Breivik	Noregs idrettshøgskole
Rune Nilsen	Universitetet i Bergen
Olav Refsdal	Høgskolen i Vestfold
Ragnhild Hutchison	Norsk studentunion (tom. 1. halvår 2003)
Kari Omdahl	SIU
Gerd Skeie	SIU
Varamedlem	
Gerd Bjørhovde	Universitetet i Tromsø
Kirsten Hienn	Høgskolen i Narvik
Martin Skogrand	Studentenes landsforbund (tom. 1. halvår 2003)
Helge Skugstad	SIU
Observatør	
Widar Hvamb	Universitets- og høgskulerådet



ØKONOMI – NØKKELTAL

(forvaltning i nominelle kroner)

Program/avtaler	Rekneskap 2001	Rekneskap 2002	Løyving 2003
Sokrates	33 841 412	34 212 715	36 680 000
Nufu	65 900 000	67 000 000	62 000 000
NORADs stipendprog.	57 845 000	52 500 000	52 500 000
- kulturutdanningspr.	333 790	5 000 000	5 000 000
- sommarskolen	1 450 000	1 372 000	1 672 730
- kurs i sør**		4 000 000	4 000 000
Sentral- og Aust-Europa prog.*	16 943 853	4 074 000	
Søraust-Europaprogrammet	15 000 000	20 000 000	15 000 000
Russlandsprogrammet**		11 000 000	10 000 000
Kandidatlanda til EU **		15 000 000	10 000 000
Nordplus	39 316 000	32 836 000	31 682 000
Nordmål	5 269 000	4 884 000	6 559 000
TOTALT	235 899 055	251 878 715	235 093 730

SIUs administrasjonskostnader er dels dekte innanfor postane for programma og dels gjennom særskilde løyvingar til administrasjon av programma frå avtalepartnerane og oppdragsgjevarane. SIUs samla administrative utgifter var i 2001 og 2002 på 23 millionar kroner, medan det for 2003 er budsjettert med 21,3 millionar kroner.

*) slutt 2001 **) nytt 2002

NUFU-STYRET

Medlem	Varamedlem	Institusjon
Roger Abrahamson (leiar)	Trygve Berg	Noregs landbrukskole
Edvard B. Messelt	Bente Herstad	Universitetet i Oslo
Randi Rønning Balsvik	Carl-Erik Schultz	Universitetet i Tromsø
Knut Stenberg	Ånund Killingveit	NTNU
Janneche Utne Skaare	Kristin Tornes	Noregs veterinærhøgskule/Høgskolen i Molde
Karin Pittmann	Thorkild Tylleskår	Universitetet i Bergen
Anne Marie Støkken	Harald Knudsen	Høgskolen i Agder
Ragnhild Hutchison	Gunnveig Grødeland	Norsk studentunion

STYRET I NORADS STIPENDPROGRAM

Medlem	Varamedlem	Institusjon
Ragnar Øygard (leiar)	Ruth Haug	Noregs landbrukskole
Bjørn Hersoug	Ingrid Bergslid Salvesen	Universitetet i Tromsø
Gunnar Bjune	Karen Crawshaw Johansen	Universitetet i Oslo
Torgeir Moan	Hilde Skeie	NTNU
Bjerg J. Bjøntegaard	Toril Gjerdet	Noregs Musikkhøgskole/Kunsthøgskolen i Oslo
Andreas Steigen	Gro Lie	Universitetet i Bergen
Anne Ryen	Siv Oltedal	Høgskolen i Agder/Høgskolen i Bodø
Ragnhild Hutchinson	Gunnveig Grødeland	Norsk studentunion

STYRET FOR SAMARBEIDSPROGRAMMA MED SENTRAL- OG AUST-EUROPA

Medlem	Institusjon
Ingvald Broch (leiar)	Universitetet i Tromsø
Merete Ulstein (nestleiar)	NIVA
Svein Mønnesland	Universitetet i Oslo
Jon Naustdalslid	NIBR
Vigdis Torsvik	Universitetet i Bergen
Frode Lieungh	Høgskolen i Telemark
Ole Nørgaard	Universitetet i Aarhus
Vigfrid Ness	Dynal
Ingrid Schulerud	Utanriksdepartementet
Varamedlem	
Sissel Hertzberg	NTNU
Per Magnus	Nasjonalt folkehelseinstitutt
Observatører	
Solveig Rossebø	Utanriksdepartementet
Dagfrid Hjorthol	Utanriksdepartementet
Lene Ofedal	Utdannings- og forskningsdepartementet
Anne Welle-Strand	Handelshøgskolen BI

PROGRAMSTYRET FOR NORDPLUS

Styringsgruppa for høgare utdanning i Norden, HØGUT, er programstyre for NORDPLUS-programmet. HØGUT består av to medlemmer frå kvart av dei sjølvstendige nordiske landa, pluss ein observatør frå Grønland og Færøyaner, alle med varamedlemmer.

Medlem	Varamedlem
René Bugge Bertramson, Ministeriet for videnskab, teknologi og udvikling, Danmark	Ellen Hansen, Rektorkollegiets Sekretariat, Danmark
Tyge Skovgaard Christensen Center for Videregående Uddannelser – Vest, Danmark	Michael Johansson Aalborg Tekniske Skole, Danmark
Juha Arhinmäki, Undervisningsministeriet, Finland	Armi Mikkola, Undervisningsministeriet, Finland
Krista Varantola, Tammerfors universitet, Finland	Olle Anckar, Åbo Akademi, Finland
Stefán Stefánsson, Menntamálaráðuneytið, Island	Hellen M. Gunnarsdóttir, Menntamálaráðuneytið, Island
Guðmundur Hálfðánarson, Háskóli Íslands, Island	Ólafur H. Jóhannesson, Kennaraháskóla Íslands, Island
Bjørn Tore Kjellemo, Utdannings- og forskningsdepartementet, Noreg	Borghild Abusland, Utdannings- og forskningsdepartementet, Noreg
Sonni Olsen, Høgskolen i Finnmark, Noreg	Per Nyborg, Universitets- og høgskulerådet, Noreg
Karin Röding, Utbildningsdepartementet, Sverige	Karin Odencrants, Utbildningsdepartementet, Sverige
Christina Ullenius, Karlstads universitet, Sverige	Per Thullberg, Södertörns högskola, Sverige
Malan Marnersdóttir, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyaner	Hans Pauli Joensen, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyaner
Birgitte Herling, Direktoratet for Kultur, Uddannelse, Forskning og Kirke, Grønland	Dorthe Korneliusen, Ilinnarfissuaq, Grønland

PROGRAMSTYRET FOR NORDMÅL

Nordisk ministerråds språkpolitiske referansegruppe har det overordna ansvaret for Nordmål.

Medlem	Varamedlem
Niels Davidsen-Nielsen, Handelshøjskolen i København, Danmark	Frans Gregersen, Københavns Universitet, Danmark
Pirkko Nuolijärvi, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland	Aino Pihl, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland
Mikael Reuter, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland	Eilvor Sommare Dahl, Forskningscentralen för de inhemska språken, Finland
Sölvi Sveinsson, Fjölbrotaskólanum við Ármúla, Island	Auður Håkúsdóttir, Háskóli Íslands, Island
Svein Lie, Høgskolen i Agder, Noreg	Brit Mæhlum, NTNU, Noreg
Ellen Hjortsæter, Statens bibliotekstilsyn, Noreg	Karin Beate Vold, Norsk barnebokstiftelse, Noreg
Olle Josephsson, Svenska språknämnden, Sverige	Björn Melander, Uppsala universitet, Sverige
Jógvan í Lon Jacobsen, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyan	Anfinnur Johansen, Fróðskaparsetur Føroya, Færøyan
Carl Chr. Olsen, Oqaasileriffik/Sprogsekretariatet, Grønland	Nuka Møller, Oqaasileriffik/Sprogsekretariatet, Grønland
Nils Ø. Helander, Sámi Instituhtta/Nordisk samisk institutt	Inger Marie Eira, Sámi Instituhtta/Nordisk samisk institutt

NASJONALT UTVAL FOR HANDLINGSPROGRAMMA SOKRATES OG LEONARDO DA VINCI

Medlem:	Varamedlem:	Institusjon:
Per Gunnar Olsen (til 08.03.02)		Landsorganisasjonen
Per Syvertsen (frå 08.03.02)		Landsorganisasjonen
Rolf Jørn Karlsen	Berit Asker Krogh	Landsorganisasjonen
Inger Beate Lundsgaard	Ingebjørg Harto	Næringslivets hovedorganisasjon
Helge Halvorsen	Tor Erik Groeng	Næringslivets hovedorganisasjon
Lars Møllerud	Kari Anne Osborg	Kommunenes sentralforbund
Åsne Grønvold*		Akademikernes fellesorganisasjon*
Jostein Rykkvin*	Bjerg Sundøy*	Lærerforbundet*
Marit Dahl*	Berit Østereng*	Norsk lærerlag*
Ingjerd Hovdenakk**		Utdanningsgruppenes hovedorg./UHO**
Jostein Rykkvin**	Marit Dahl**	Utdanningsforbundet/UHO**
Sigrid Lem	Kjell Hansen	Akademikarane
Wenche Paulsrud	Frøde Sandberg	Yrkesorganisasjonenes sentralforbund
Marianne T. Bråthen	Serine M.A. Lauritzen	Elevorganisasjonen
Monika Hestad***	Dag H. Stenersen***	Norsk studentunion
Terje Haakstad****	Monika Hestad****	Norsk studentunion
Ragnhild Hutchison**	Kristin Sten**	Norsk studentunion
Ray Jakobsen*	Torunn Toppol*	Studentenes landsforbund
Martin Skogrand**	Anne Marte Klubbenes**	Studentenes landsforbund
Sturla Bjerkaker	Marit Jacobsen	Voksenopplæringsforbundet
Odd Haddal	Hilde Svalbjørg	Folkehøgskulerådet
Ingeborg Bø	Sigmund Kristoffersen	Norsk forbund for fjernundervisning
John Andersen	Bjørn Einar Aas	Universitets- og høgskulerådet
Hélène Ullerø	Britt Hamre	Universitets- og høgskulerådet
Harald Smestad	Dag Ofstad	Universitets- og høgskulerådet
Observatørar:		
Dankert Vedeler	Torlaug Lundh Aukrust	Utdannings- og forskingsdept.
Jan Ellertsen	Gro Beate Vige	Utdannings- og forskingsdept.
Lise Grette	Bjørn Jaaberg Hansen	Barne- og familiedepartementet
Trude Eliassen	Åse Rellsve	Arbeids- og adm.dept./Kommunal- og reg.dept.
Anne-Lena Straumdal (til 01.03.02)		Nærings- og handelsdepartementet
Tor Arne Johnsen (frå 01.03.02)		Nærings- og handelsdepartementet

Leiarar: Per Gunnar Olsen (til 30.06.02), Hélène Ullerø (frå 30.06.02)
* til 01.08.02 ** frå 01.08.02 *** til 20.02.02 **** frå 20.02.02

NASJONALT UTVAL FOR ERASMUS

Medlem:	Varamedlem:	Institusjon:
Berit Hobber	Trine Knudsen	Landsorganisasjonen
Inger Beate Lundsgaard	Ingebjørg Harto	Næringslivets hovedorganisasjon
Anne Lexow*	Lene Rønning-Arnesen*	Akademikernes fellesorg.*
Tove Hauge**	Bjerg Karin Ringen**	Utdanningsforbundet / UHO**
Kjell Hansen	Sigrid Lem	Akademikarane
Monika Hestad*	Dag Harlem Stenersen*	Norsk studentunion
Kjersti Moe**	Kristin Sten**	Norsk studentunion
Torunn Toppol	Jan Ulrik O. Nielsen/Martin Skogrand	Studentenes landsforbund
John Andersen (leiar)	Morten Gransæther Kielland	Universitets- og høgskulerådet
Hélène Ullerø	Danuta Tomczak	Universitets- og høgskulerådet
Åse Mørkeset	Helene Hanssen	Universitets- og høgskulerådet
Svein Arild Pedersen	Harald Smestad	Universitets- og høgskulerådet
Observatør:		
Lene Oftedal	Tove Kvil	Utdannings- og forskn.departementet
* til 01.08.02	** frå 01.08.02	

NASJONALT UTVAL FOR COMENIUS

Medlem:	Varamedlem:	Institusjon:
Kristine Hansen	Per Skau	Landsorganisasjonen
Liv-Ragnhild Hov	Per-Inge Nørbech	Næringslivets hovedorganisasjon
Lars Møllerud	Kari Anne Osborg	Kommunenes sentralforbund
Marit Dahl*	Berit Østereng*	Norsk lærerlag*
Jostein Rykkvin*	Bjerg Sundøy*	Lærerforbundet*
Jostein Rykkvin** (leiar)	Marit Dahl**	Utdanningsforbundet/UHO**
Marianne Nygårdsether	Christian Møllerop	Elevorganisasjonen
Observatør:		
Bodhild Baasland	Alf Vestrheim	Utdannings- og forskn.departementet
Kjersti Morvik	Irene Handeland	Statens ungdoms- og adopsjonskontor
* til 01.08.02	** frå 01.08.02	

NASJONALT UTVAL FOR GRUNDTVIG

Medlem:	Varamedlem:	Institusjon:
Trygve Natvig		Landsorganisasjonen
Anne Eidsmo	Tor Erik Groeng	Næringslivets hovedorganisasjon
Torbjørn Ryssevik*	Guri Sandbakken*	Akademikernes fellesorg.*
Berit Østereng*	Paul Erik Karlsen*	Norsk lærerlag*
Marit Dahl**	Torbjørn Ryssevik**	Utdanningsforbundet/UHO**
Sturla Bjerkaker (leiar)	Doris Bjerke	Voksenopplæringsforbundet
Jan B Ommundsen	Torhild Slåtto	Norsk forbund for fjernundervisning
Odd Haddal	Hilde Svalbjørg	Folkehøgskulerådet
Anne Iversen		Universitets- og høgskulerådet
Observatør:		
Anne Brit Udahl (til 01.04.02)	Vidar Horsfjord	Utdannings- og forskn.departementet
Erik Dahl (frå 01.04.02)		
Stine Øfsdahl	Erik Langbråten	Statens ungdoms- og adopsjonskontor
* til 01.08.02	** frå 01.08.02	

SIU støttr trekfuglane

SIU supports the birds of passage



NORWEGIAN COUNCIL FOR HIGHER EDUCATION
SIU CENTRE FOR INTERNATIONAL UNIVERSITY COOPERATION

Address: P.O.Box 7800, N-5020 Bergen, Norway.
Tel: +47 55 30 88 00 Fax: +47 55 30 88 01
E-mail: siu@siu.no. Internet: <http://siu.no>

